

Justis- og politidepartementet
Postboks 8005
0030 Oslo

Vår dato

Dykkar dato

Vår referanse
201200212.1

Dykkar referanse

HØYRINGSUTTALING FRÅ KONTORET FOR VALDSOFFERERSTATNING

"Høringsnotat – Behandlingen av sivile krav etter terrorhandlingene 22. juli 2011. Forslag til enkelte endringer i valdsoffererstatningsloven og straffeprosessloven"

Innleiing

Kontoret for valdsoffererstatning(KfV) har ansvaret for søknadar om valdsoffererstatning i fyrste instans. KfV har fagleg kompetanse på dei utfordringane som regelverket gjev sakshandsaminga, samt kjennskap til andre problemstillingar som knyt seg til handsaminga av denne typen sakar.

Vi ynskjer å medverka til å gje opplysning om dei tilhøva som vi – gjennom vår daglege sakshandsaming – meiner er moment som bør kome fram i samband med dette høyringsnotatet.

KfV har valt å omtale dei punkta som gjeldt forslag til endringar rundt valdsoffererstatningsordninga, og har difor ikkje kommentert forslaga som gjeldt endringar i straffeprosesslova.

I uttalinga vår har vi merknadar til forskot på erstatning, forslaget om munnlege forhandlingar, forslaget om å lovfeste domstolen si moglegheit til å prøve oppreisningsutmåling, forslaget om å endre den øvre grensa for valdsoffererstatning, samt å utvide personkrinsen i valdsoffererstatningslova § 1. På grunnlag av det forvaltningsrettslege likskapsprinsippet, ser vi særleg utfordringar knytt til forslaget om ei mogleg endring av verknadstidspunktet for den øvre grensa for valdsoffererstatning, og forslaget om at regelendringa skal gjevast tilbakeverkande kraft. Vi har også merka oss at den føreslåtte aukinga av maksimal utbetaling av valdsoffererstatning, medfører at det ikkje lenger er samsvar mellom valdsoffererstatninga og skadeerstatningslova § 3-2a knytt til barneerstatning.

Særleg om høyringa sitt punkt 3.2 – Om forskot på erstatning

Åtgangen til å utbetale forskot på valdsoffererstatning vert omtala under punkt 3.2 i høyringsuttalinga. Åtgangen fylgjer av valdsoffererstatningslova § 14 fjerde stykke. Eit av vilkåra for å tilkjenne forskot, er at det må vera rimeleg.

Frå KfV sin ståstad, så er omfanget av forskotsutbetalingar generelt avgrensa, og det er heller ikkje ynskjeleg med ein stor pågang av forskotsutbetalingar. KfV vurderar fortlaufande praksisen vedrørande handteringa av forskotssakar.

Med omsyn til søknadar etter 22. juli-terroren, så hadde KfV utbetalt forskot i 18% av dei innkomne søknadane ved slutten av 2011. Ved forskotsøknadar i sakar som fylgjer av 22. juli-terroren, har KfV i si rimelegheitsvurdering, lagt vekt på behovet for forskot som har kome fram i kvar enkelt søknad. Det er også lagt vekt på at slutthandsaminga av søknaden trekkjer ut, i vesentleg grad på grunn av behovet for lovjusteringar. Søkjarane etter 22. juli-terroren, skal ikkje stillast dårlegare enn andre søkjarar på grunn av at lovjusteringar og formelle drøftingar tek tid.

Særleg om høyringa sitt kapittel 4 – Behov for særlege reglar om munnleg handsaming av søknadar om valdsoffererstatning

Under kapittel 4 omtalar departementet behovet for særlege reglar knytt til munnleg handsaming av søknadar om valdsoffererstatning. KfV har ikkje motsegner til ei slik lovfesting, men stiller spørsmål ved hensikta ved ei munnleg handsaming hjå fyrsteininstansen. KfV meiner at nytta av slik munnleg handsaming kan vera noko større i klagehandsaminga hjå Statens sivilrettsforvaltning og Erstatningsnemnda for valdsoffer.

KfV er samde i at det vil kunne oppstå behov for slike konferansar i forvaltninga si handsaming av erstatningsoppgjeret etter 22. juli-terroren. KfV ser ikkje slike konferansar som særleg ressurseffektive, og påpeikar at omfanget av dei ikkje må verte slik at det går ut over rask og effektiv sakshandsaming.

Sjølv om åtgangen til munnleg handsaming allereie går fram av forvaltningslova § 11d, så har KfV ingen prinsipielle motsegner til forslaget. KfV ser behov for at rammene rundt ei slik munnleg handsaming vert regulert i forskrift. Ei slik forskrift bør føreliggje snarast råd, slik at ikkje uklårleikar av meir formell karakter, forseinkar igangsettinga av erstatningsoppgjeret etter 22. juli-terroren.

Særleg om høyringa sitt punkt 5.2 – Domstolsprøving av oppreisningskrav

Departementet føreslår i høyringsnotatet at det vert opna for domstolsprøving av Erstatningsnemnda for valdsoffer si utmåling av oppreisning i ein ny § 17a. KfV er usikre på behovet for ein slik prøvingsrett. KfV viser til at rettspraksis er ei tung og viktig rettskjelde i sakar om valdsoffererstatning.

KfV forstår forslaget slik at domstolen vil kunne gjere ei fullstendig vurdering av dei momenta som ligg til grunn for ei oppreisningsutmåling. Ei vurdering av omfanget av skaden, varigheita og handlinga si faktiske side, er viktige moment i utmålinga. Desse momenta vil også vera sentrale i vurderinga av dei andre erstatningskrava i saka.

Dersom det vert opna for at domstolen skal vurdere den faktiske sida av saka, så meiner KfV at prøvingsretten bør omfatte heile erstatningsutmålinga. I motsett tilfelle risikerar ein at det vert lagt ulikt faktum til grunn avhengig av kva erstatningspost som skal utmålast. Konkret så vil det faktumet som valdsoffermyndigheitene finn klårt sannsynleggjort, og som då ligg til grunn for deira utmåling av alle erstatningspostane, kunne skilje seg frå det faktumet som domstolen legg til grunn, og som då vil vera grunnlag for deira utmåling av oppreisning åleine.

KfV vurderer at ein del av motsegnene til å la domstolen gje realitetsdom ved prøving av lovbundne forvaltningsvedtak, også vil gjere seg gjeldande for forslaget skildra ovanfor. Skiljet som føreligg i dag mellom domstol og forvaltning, kan fort bli uklårt.

Då domstolane også vil kunne heilt eller til dels setje ned utmålt erstatning, meiner KfV at det er føremålsteneleg at ei eventuell tilkjent erstatning frå Erstatningsnemnda for valdsoffer, ikkje vert utbetalt før saka er rettskraftig avgjort. Endeleg meiner KfV at forslaget kan skape eit skilje mellom resurssterke og ressurssvake søkjarar.

KfV har ikkje ytterlegare innvendingar til forslaget enn dei som er nemnd ovanfor.

Særleg om sitt høyringa kapittel 6 – Endring av valdsoffererstatninga si øvre grense

Departementet føreslår i høyringsnotatet at den øvre grensa for valdsoffererstatning i valdsoffererstatningslova, vert heva frå 40 til 60 gongar folketrygda sitt grunnbeløp. KfV stiller seg positiv til dette. Sjølv om det er få sakar etter 22. juli-terroren som vil bli påverka av forslaget, så meiner KfV at dette vil vera positivt for andre søkjarar også. Særleg vil dette gjelde dei som har vore utsett for incest og grove overgrep i barndomen. Fleire søkjarar som har blitt utsett for slike overgrep, kjem seg aldri ut i arbeidslivet. Deira tap vil soleis ofte overstige 40G. Det at KfV førebels ikkje har tilkjent maksimal erstatning (40G) etter lovendinga som vart gjort gjeldande 1. januar 2009, må sjåast i samanheng med at det ofte tek tid å avklare skadeomfang og skadefylgjer ved alvorlege personskadar.

Endring av verknadstidspunktet

Etter noverande praksis, er det grunnbeløpet på skadetidspunktet som vert lagt til grunn når maksimal erstatning etter valdsoffererstatningslova skal bereknast. Det kjem fram i høyringsnotatet, at departementet ser føre seg at det er grunnbeløpet på vedtakstidspunktet som skal leggjast til grunn ved berekninga.

KfV meiner at det ikkje føreligg moment som tilseier at praksis bør endrast på dette punktet. Noverande praksis gjev søkjar ei oppfordring til å fremje og gjere kravet sitt sannsynleg så tidleg som mogleg. Ved å endre verknadstidspunktet til når saka vert fatta vedtak i, vil det kunne vera i søkjar si interesse at saka vert halden aktiv så lenge som mogleg. Dette vil medføre meirarbeid for valdsoffermyndigheitene, og auke sakshandsamingstida. Noverande praksis gjev førehandsvise for søkjarar og myndigheiter, og sikrar at valdsoffer som er utsett for vald på same tidspunkt, vert behandla mest mogleg likt.

Tidspunkt for at lovendingane trer i kraft

Det går fram av forslaget at dei føreslåtte endringane skal få verknad for handlingar som har funne stad frå 1. januar 2011. Endringar i valdsoffererstatningslova, har ikkje tidlegare blitt gjeve tilbakeverkande kraft. Dette gjeldt også når endringa har ført til ei heving av den maksimale valdsoffererstatninga som kan gjevast i kvar sak. KfV kan ikkje sjå at det no føreligg moment som tilseier at lovendingane bør få tilbakeverkande kraft. Også tidlegare har unge og alvorleg skada søkjarar fått avgrensa krava sine etter reglane om ei øvre grense for valdsoffererstatning.

Dersom ein likevel vel å gje lovendingane tilbakeverkande kraft, meiner KfV at endringane bør få verknad tilbake til då lova vart gjort gjeldande 1. juli 2001. Denne løysinga vil samsvare med likehandsamingsprinsippet og hindre at valdsoffer vert handsama ulikt.

Fordi valdsoffererstatning etter valdsofferforskrifta vert tilkjent etter ei rein rimelegheitsvurdering, reknar KfV at ei eventuell tilbakeverkande kraft ikkje utan vidare må gjelde for forskriftssakar. Ei endring med tilbakeverkande kraft utover 1. januar 2011, vil naturlegvis krevja store ressursar til administrasjon hjå valdsoffermyndigheitene, samt til erstatningsutbetalingar.

Barneverstatning etter skadeserstatningslova § 3-2a

KfV påpeikar at ei eventuell grense på 60G i valdsoffererstatningsordninga, vil medføre at det ikkje lenger er samsvar mellom maksimal erstatning etter valdsoffererstatningsordninga, og grensa på 40G for barneverstatning etter skadeserstatningslova § 3-2a.

Særleg om høyringa sitt punkt 7.1 – Pårørande sin rett på valdsoffererstatning

KfV visar til at pårørande etter gjeldande forvaltningspraksis også i dag kan ha rett på valdsoffererstatning på visse vilkår. KfV ser det slik at den rettspraksisen som er utvikla kring spørsmålet knytt til tredjemannstap, på tilstrekkeleg vis regulerar tilhøvet til pårørande sin rett på valdsoffererstatning. Det vert i den samanhengen særleg vist til Rt-2010-1153.


På grunnlag av dette, er KfV samd i at det ikkje er naudsynt med ei lovregulering for at pårørande til valdsoffer skal ha sine rettar til valdsoffererstatning ivareteke.

Særleg om høyringa sitt punkt 7.2 – Valdsoffererstatning til personar som har hjelpt offer


Det er bedd om høyringsinstansane sitt syn på behovet for utviding av personkrinsen i valdsoffererstatningslova § 1. Føremålet er å opne for åtgang til å kunne tilkjenne valdsoffererstatning til personar som har hjelpt valdsoffer, og som fylgje av dette har blitt påført personskade.

Gjennom praksis har det blitt lagt til grunn at det i heilt spesielle tilfelle kan gjevast valdsoffererstatning til også andre enn den som er strafferettsleg fornærma etter lova si § 1. Tilhøvet har kome til uttrykk etter den store, friviljuge hjelpeinnsatsen knytt til 22. juli-terroren.

Kontoret for valdsoffererstatning har ikkje noko prinsipielle innvendingar mot at personkrinsen i valdsoffererstatningslova § 1 vert utvida slik departementet føreslår.


Marit Zahl Jonassen
direktør

Vardø, 16. januar 2012


Jørgen Randar
seksjonssjef, erstatning